



DET KONGELEGE KYRKJE-,  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 14

(1999-2000)

---

## Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet

*Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet av  
19. november 1999, godkjend i statsråd same dagen.*

---

**Kapitla 200, 203, 210, 221, 222, 228, 231, 232, 234, 238, 239,  
240, 243, 244, 250, 252, 260-264, 268, 269, 273, 274, 278,  
281, 283, 291, 294, 297, 2410, 3200, 3203, 3222, 3232, 3238,  
3243, 3244, 3250, 3252, 3260-3264, 3268, 3269, 3273, 3274,  
3278, 3281, 3283, 3294, 3297, 5310 og 5617**

## 1

**Refusjon frå NORAD, jf. kap. 200, 238, 3200 og 3238**

I samband med at ein legg vekt på utdanning i norsk utviklingsbistand, har departementet og NORAD starta eit samarbeid. Departementet mottar refusjon frå NORAD for utgifter knytt til dette arbeidet. Departementet foreslår at det blir løyvd 200 000 kroner på kap. 3200 post 05 (ny) og 200 000 kroner på kap. 3238 post 05 (ny), og at løyvingsforslaga på kap. 200 post 01 og kap. 238 post 01 blir auka parallelt med 200 000 kroner. Departementet foreslår at det blir gitt fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 200 post 01 og kap. 238 post 01 mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3200 post 05 og 3238 post 05, jf. forslag til vedtak II.

**Kap. 210 Tilskott til trussamfunn o a og privateigde skole- og kyrkjebygg**

*Post 70 Tilskott til registrerte trussamfunn, omlagløyving*

*Post 71 Tilskott til uregistrerte trussamfunn, omlagløyving*

*Post 72 Tilskott til livssynssamfunn, omlagløyving*

Som følge av ein auke i talet på medlemmer i trussamfunn utanfor Den norske kyrkje og auka satsar per medlem er det behov for å auke løyvingane på desse postane. Departementet foreslår å auke løyvinga med 8,4 mill kroner på post 70, med 0,5 mill. kroner på post 71 og med 1 mill. kroner på post 72.

*Post 75 Tilskott til privateigde skole- og kyrkjebygg*

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 4,6 mill. kroner, slik at det kan bli utbetalt tilskott for alle søknadene i 1999 som gjev grunnlag for tilskott. Ein unngår dermed eit etterslep til 2000.

**Kap. 221 Tilskott til grunnskolen**

*Post 60 Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, kan overførast*

Det er venta eit mindreforbruk i høve til løyvinga på posten. Hovudårsaka til mindreforbruket ligg i at det ikkje er tilsett lærarar med godkjent utdanning ved verkemiddelskolar i eit omfang som lagt til grunn i budsjettet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga for 1999 med 5 mill. kroner.

Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

*Post 63 Tilskott til skolefritidsordningar, kan overførast*

Det er venta eit meirforbruk i høve til løyvinga på posten. Hovudårsaka til meirforbruket er at det er om lag 5 000 fleire barn i skolefritidsordninga i 1999 enn tidlegare føresett. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga for 1999 med 10 mill. kroner.

*Post 64 Tilskott til undervisning i finsk*

Talet på elevar som har nytta retten til opplæring i finsk er høgare enn føresett. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga for 1999 med 0,7 mill. kroner.

*Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskol-  
len*

Opplæring av barn i asylmottak har auka meir enn det som er lagt til grunn i budsjettet for 1999. Vidare har tilskottet til opplæring i norsk som andrespråk og mormålsopplæring auka noko meir enn forventa. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 31,7 mill. kroner.

*Post 66 Tilskott til leirskoleverksemd*

Det er venta eit meirforbruk i høve til løyvinga på posten. Årsaka til meirforbruket er at fleire elevar har vore på leirskole i 1999 enn lagt til grunn i budsjettet for 1999. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga for 1999 med 2,2 mill. kroner.

*Post 67 Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, omlagløy-  
ving*

Ein ventar eit mindreforbruk i høve til løyvinga på posten. Årsaka til dette er at færre barn deltok i musikk- og kulturskoletilbodet enn lagt til grunn i budsjettet for 1999. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga for 1999 med 2 mill. kroner.

*Post 68 Det samiske utdanningsområdet, kan overførast*

Då talet på elevar som har brukt retten til undervisning på samisk har auka, samstundes som fleire språkalternativ er tatt i bruk i det samiske forvaltningsområdet, er det eit meirbehov på posten. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga for 1999 med 4,5 mill. kroner.

## **Kap. 228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

For å styrke arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnskolen foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 700 000 kroner.

### **Kap. 231 Tilskott til vidaregåande opplæring**

*Post 65 Tilskott til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring*

Talet på elevar og lærlingar som kjem under ordninga med ekstra språkopp- læring er lågare enn det som ligg til grunn i budsjettet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 13 mill. kroner.

### **Kap. 232 Statlege skoler med opplæring på vidaregåande nivå**

*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 60*

M/S Sjøveien er no seld, jf. St.prp. nr 1 (1998-99). Som følge av at dei tilsette har fått nytt arbeid, er personalutgiftene redusert. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner.

*Post 21 Tryggingsopplæring for fiskarar*

Det er venta eit mindreforbruk i høve til løyvinga på posten. Årsaka er at færre fiskarar har møtt til repetisjonskurs enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. Dette har samband med ein generell dispensasjon frå kravet om slikt kurs. Dispensasjonen er gitt av Sjøfartsdirektoratet og gjeld ut 1999. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast*

M/S Sjøveien er no seld, jf. St.prp. nr. 1 (1998-99). Netto salsinntekt utgjer 3,4 mill kroner. Det er ønske om å nytte midlane frå salet til naudsynte investeringar i samband med etablering av utdanningstilbod for deltidsbrannmenn og investeringsbehov ved Statens dykkerskole . Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 232 post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald med 3,4 mill kroner mot tilsvarende auke under kap. 3232 post 02 Salsinntekter.

### **Kap. 234 Tilskott til lærebedrifter og lærlingar**

*Post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar*

Det er venta eit mindreforbruk i høve til løyvinga på posten. Hovudårsaka er at færre lærlingar enn venta har utløyst kvalitetssikringstilskott i 1999. Ein del av nedgangen skuldast og at tilskottet betalast ut ei tid etter at fagprøvene er avlagt. Vidare er det ein del lærlingar som stryk til fagprøva og nokon som sluttar i løpet av læretida. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 50 mill. kroner.

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

#### *Post 71 Tilskott til drift av opplæringsråd*

Då utbetalinga av tilskot til drift av opplæringsråd blir lågare i 1999 enn det som er lagt til grunn i budsjettet, foreslår departementet å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner.

#### *Post 73 Tilskott til lærlingar*

Over posten blir det gitt stønad til vaksne lærlingar som teikner lærekontrakt etter forskrift til opplæringslova § 11-12 første ledd, og som må reise bort for å ta deler av opplæringa. Då det er færre søknader om stønad enn det som ligg til grunn for løyvinga på posten, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 6 mill. kroner.

### **Kap. 239 Andre føremål i vidaregåande opplæring**

#### *Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO m fl)*

Tilsottet går hovudsakeleg til deltaking i utdanningsprogramma LEONARDO og CEDEFOP. Noreg betaler kontingent og administrasjonstilskott til EU for deltaking i desse programma. Som følgje av auka administrasjonstilskott samt endra valutakursar føreligg det eit meirbehov i høve til løyvinga på posten. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på denne posten med 1,7 mill. kroner.

### **Kap. 240 Private skolar o a**

#### *Post 70 Tilskott, omlagløyving*

I Revidert nasjonalbudsjett blei det orientert om at Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har godkjent 11 nye skolar og fem utvidingar av elevtal ved eksisterande skolar, og at departementet om naudsynt ville komme tilbake med forslag om endring i løyvinga. Departementet foreslår på bakgrunn i utviklinga i talet på elevar å auke løyvinga med 17,3 mill. kroner.

### **Kap. 243 Kompetansesentra for spesialundervisning**

#### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 60*

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 29 mill. kroner, jf. omtale under kap. 243 post 60.

#### *Post 60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, kan overførast*

Av St.meld. nr. 23 og Innst. S. nr. 228 (1997-98) går det fram at ein vil leggje om det spesialpedagogiske støttesystemet gjennom ei overføring av ressursar frå statleg til kommunal og fylkeskommunal sektor. Overføringa vil skje m.a. gjennom ei nedbygging av statlege spesialpedagogiske kompetansesentra og ved ei overføring av midlar til kommunal og fylkeskommunal PP-teneste. Rap-

Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

portane over utbetaling av tilskot til kommunane viser et meirbehov på posten. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 29 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på post 01.

### **Kap. 250 Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter og opplæring for vaksne innvandrere**

#### *Post 60 Tilskott til opplæring for vaksne innvandrarar*

Det er venta eit meirforbruk i høve til løyvinga på posten. Dette kjem både av at deltakarane blir lengre i opplæringa på grunn av utvida timeramme og at talet på flyktningar og asylsøkjjarar har auka. Departementet foreslår å auke løyvinga for 1999 med 39,9 mill. kroner.

### **Kap. 260 Universitetet i Oslo**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Som følge av at det i 1998 ikkje var knytt ei meirinntektsfullmakt til kap. 3260 post 82, kunne Universitetet i Oslo i 1998 ikkje nytte 4 249 000 kroner av refusjonen som universitetet mottar for drift av Psykososialt senter for flyktningar. Departementet foreslår derfor ei løyving på 4 249 000 kroner på kap. 260 post 01 på statsbudsjettet for 1999. Vidare foreslår departementet at Universitetet i Oslo kan overskride løyvinga på posten mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3260 post 82, jf. forslag til vedtak II.

### **Kap. 260 Universitetet i Oslo, kap. 261 Universitetet i Bergen**

#### *Sal av aksjar i Universitetsforlaget AS*

Universiteta i Oslo og Bergen har inngått avtale om sal av sine aksjar i Universitetsforlaget AS til Gyldendal Norsk Forlag ASA og H. Aschehoug & co under føresetnad om at tilbodet godkjennast av NHD etter lov om erverv av næringsverksemd av 23. desember 1994 nr. 79. Dersom salet blir gjennomført i 1999 foreslår departementet at inntektsføringa av salet skjer på kap. 3260 post 02 og kap. 3261 post 02 og at desse meirinntekta kan nyttast under kap. 260 post 21 og kap. 261 post 21, jf. forslag til vedtak II.

### **Kap. 262 Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet**

#### *Post 49 Kjøp av eiendom*

For å kunne løyse arealproblem med egne midlar har NTNU sett av midlar frå sal av eiendom. Som følgje av at det berre er høve til å føre over midlar til dei to påfølgjande terminar, fekk NTNU ikkje ført over 4 890 000 kroner frå 1998 til 1999. Ut frå dette foreslår departementet ei løyving på 4 890 000 kroner på kap. 262 post 49.

Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

### *Feste av tomt til Studentsamskipnaden i Trondheim*

Departementet foreslår at Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet fester bort ein tomt på 6 da på gnr. 48 bnr. 53 i Trondheim kommune (Dragvoll idrettsbygg) til Studentsamskipnaden i Trondheim til ein festepris på kr 1 per år i 80 år, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

## **Kap. 274 Statlege høgskolar**

### *Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast*

For å styrke utdanninga av organistar i Nord-Noreg foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 3 mill. kroner til kjøp av eit orgel ved Høgskolen i Tromsø.

## **Kap. 278 Noregs landbrukshøgskole**

### *Post 90 Kjøp av aksjar*

Departementet viser til tidlegare omtale av Senter for forteknologi, jf. St.prp. nr. 1 (1998-99):

«I tråd med forutsetningene ved opprettelsen av Senter for førteknologi, Førtek AS, vil Norges landbrukshøgskole øke sitt aksjeinnskudd til 3 mill kr i form av tinginnskudd og overføring av retten til fremtidige leieinntekter fra senterets lokaler.»

Aksjeinnskottet på 3 mill. kroner består av tre komponentar:

- Diverse utgifter Noregs landbrukshøgskole har betalt når det gjeld etableringa av Senter for førteknologi AS og eit kontantinnskot Noregs landbrukshøgskole har betalt til sentret som til saman utgjør 470 000 kroner.
- Avtale om rett til bruk av infrastruktur ved høgskolen i 10 år. Innhaldet i avtalen er nærmare angitt i eit avtaledokument og verdien er rekna til å vere 370 000 kroner for periode på 10 år.
- Avtale om leie av kontorlokale og fryserom i 10 år rekna frå 1. januar 1998. Verdien til avtalen er rekna til å vere 2,16 mill. kroner for perioden på 10 år.

Riksrevisjonen har gitt ei orientering om saka i Dokument nr. 1 (1999-2000). For å få aksjekjøpet regnskapsført i bevilgningsregnskapet, har departementet i brev til Riksrevisjonen sagt at ein tek sikte på å fremme eit løyvingforlag for Stortinget hausten 1999.

Departementet foreslår no at Noregs landbrukshøgskole kjøper aksjar i Fortek AS, mot at Fortek AS betalar Noregs landbrukshøgskole for tenestene med eit tilsvarende beløp. Departementet foreslår ut frå dette at kap. 278 post 90 (ny) blir løyvd med 3 mill. kroner mot ei tilsvarende auke på kap. 3278 post 02.

## Kap. 260-263 universiteta og kap. 278 Noregs landbruks- høgskole

*Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Departementet foreslår at universiteta og Noregs landbrukshøgskole kan nytte inntekter ved sal av eigedom til kjøp og vedlikehald av andre eigedommar til undervisnings- og forskingsformål, jf. forslag til vedtak II og III nr. 2.

## Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar

*Post 01 Driftsutgifter*

I samband med handsaminga av St.prp. nr. 67 (1998-99) blei det løyvd 10 mill. kroner på kap. 281 post 01 til desentraliserte utdanningar. Midlane går til høgskolane. Departementet foreslår at kap. 281 post 01 blir redusert med 10 mill. kroner mot en tilsvarende auke på kap. 274 post 01.

I budsjettet for 1999 er det løyvd 10 mill. kroner til omstillingstiltak ved universitet og høgskolar, jf. St.prp. nr. 1 (1998-99). I samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett løyvde Stortinget ytterlegare 35 mill. kroner til omstilling og vitskapeleg utstyr. Midlane er plassert på kap. 281 fellesutgifter for universitet og høgskolar, post 01. Departementet foreslår at 45 mill. kroner til utstyr og omstillingstiltak blir løyvd på institusjonskapitla, jf. tabell nedanfor. Kap. 281 post 01 blir redusert med tilsvarende beløp.

(i 1000 kroner)

Kap	Omstillingsmidlar Post 01	Utstyrsmidlar Post 45	Sum
260	7 500	2 600	10 100
261	4 247	1 500	5 747
262	3 649	4 900	8 549
263	0	1 000	1 000
264	400	0	400
268	175	0	175
269	195	0	195
273	640	0	640
274	13 094	5 000	18 094
278	100	0	10
Sum	30 000	15 000	45 000

Departementet har disponert løyvinga til utstyr til dei statlege høgskolane som har oppretta nye studietilbod innanfor kandidatutdanning og hovudfagutdanning i IKT, og til institusjonane som har fått nye knutepunktfunksjonar innenfor IKT- og ingeniørutdanningane. Fordelinga av utstyrsmidlane til universiteta er knytt til auka studenttal innanfor medisin-, IKT- og farmasiutdanningane. Omstillingsmidlane skal nyttast til tiltak knytt til justering av studieprofil, for mellom anna å leggje til rette for større arbeidsdeling og fagleg sam-



Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

ordning mellom universiteta, styrking av fagleg leiing på instituttnivå og omlegging av studium ved å føre inn IKT-baserte undervisningsformer. Det er lagt vekt på å disponere løyvinga til tiltak som ikkje gir ein permanent auke i kostnadane ved insitusjonane.

*Post 61 Tilskott til utviding av RiTØ, kan overførast*

Ved handsaminga av Budsjett-innst. S nr. 12 (1998-99), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 10 (1998-99), vedtok Stortinget ei løyving på 10 mill. kroner til delvis dekking av kostnadene ved utviding ved Regionsjukehuset i Tromsø. Vidare ga Stortinget samtykke til å gi tilsegn om ytterlegare 5 mill. kroner. For å dekke den resterande delen av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sitt tilskott ved utvidinga av undervisningsdelen ved Regionsjukehuset i Tromsø, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 281 post 61 med 5 mill. kroner.

*Post 73 Tilskott til internasjonale program*

Som følgje av at kontingentutbetalinga til EU er høgre enn lagt til grunn vedtatt budsjett er det eit meirbehov på posten. Departementet foreslår å auke løyvinga med 6,2 mill. kroner.

## **Kap. 291 Studie i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar**

*Post 70 Tilskott til lengre reiser, omlagløyving*

Det er venta eit meirforbruk i høve til løyvinga på posten. Årsaka er terminforskyvingar i utbetalingar samt auka reiseaktivitet. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 6,8 mill. kroner.

*Post 73 Tilskott til studentbarnehageplassar*

I 1999 er det utbetalt mindre tilskott til studentbarnehageplassar enn lagt til grunn i budsjettet. Dette skuldast at ikkje alle tilsegna som er tildelt vart nytta, og at det var nedgang i talet på barn i barnehagane til Studentskipnaden. Departementet foreslår å redusere posten med 2,2 mill. kroner.

*Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast*

Framdrifta i byggjeprojekta viser at det kan bli ei lågare utbetaling i 1999 enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Det er derfor venta at det vil bli ei større overføring på posten til 2000-budsjettet.

## **Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning**

*Post 01 Driftsutgifter*

I samband med kvalitetsrevisjon av Statens lånekasse for utdanning sine år 2000-prosjekt, foreslår departementet å auke løyvinga for 1999 med 0,5 mill. kroner.

Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

*Post 71 Andre stipend, omlagløyving*

Det er venta eit meirforbruk i høve til løyvinga på posten. Årsaka er at det er fleire tildelte gebyrstipend enn venta. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 29 mill. kroner.

*Post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, omlagløyving*

Talet på låntakarar og det gjennomsnittlege lånebeløpet har auka meir enn tidlegare venta. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 180 mill. kroner.

### **Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning**

*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Posten gjeld refusjon av ODA-godkjente utgifter. Det budsjetterte beløpet på posten er for høgt. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 13,8 mill. kroner.

*Post 72 Gebyr*

Det er venta ei meirinntekt i høve til løyvinga på posten. Gebyrinntekt for varsel for andre gong og varsel om oppseiing har auka. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 14 mill. kroner.

*Post 90 Avdrag*

Det er venta ei meirinntekt i høve til løyvinga på posten. Årsaka er at ekstraordinære innbetalingar har blitt høgare enn tidlegare rekna med. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 694 mill. kroner.

### **Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning**

*Post 80 Renter*

Som følge av innføring av fastrente er det venta ein mindreinntekt i høve til løyvinga på posten. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner.

### **Parallele endringar i inntekts- og utgiftsløyvingar**

*Parallele reduksjonar*

For nokre av inntektskapitla under institusjonane vil ikkje inntektene på einkilde postar bli så høge som dei vedtekne inntektsløyvingane. Ein foreslår derfor å setje ned desse løyvingane. Som inndekking for svikten i inntekter foreslår departementet å redusere utgiftsløyvingane tilsvarande. Tabellen nedanfor viser forslaga til endring i inntektsløyving.

(Beløp i kroner)

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Inntektskapittel og post	Løyvingsreduksjon
Kap. 3243 Kompetansesentra for spesialundervisning	
Post 02 Salsinntekter o a	- 1 300 000
Post 60 Betaling frå kommunar og fylkeskommunar	- 200 000
Kap. 3262 Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet	
Post 02 Salsinntekter o a	- 4 500 000
Post 11 Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	- 300 000
Kap. 3273 Statlege kunsthøgskolar	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	- 430 000
Kap. 3274 Statlege høgskolar	
Post 02 Salsinntekter o a	- 4 000 000
Sum reduksjon i inntektsløyvingar	- 10 730 000

Tabellen nedanfor viser forslaga til endring i utgiftsløyving.  
(Beløp i kroner)

Inntektskapittel og post	Løyvingsreduksjon
Kap. 243 Kompetansesentra for spesialundervisning	
Post 01 Driftsutgifter	- 1 300 000
Kap. 262 Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet	
Post 01 Driftsutgifter	- 4 800 000
Kap. 273 Statlege kunsthøgskolar	
Post 21 Særskilde driftsutgifter	- 407 000
Sum reduksjon i utgiftsløyvingar	- 6 507 000

### Parallele aukar

For nokre av inntektskapitla under institusjonane vil inntektene på einskilde postar bli høgre enn dei vedtekne inntektsløyvingane. Det blir derfor foreslått å auke desse løyvingane og å parallelljustere tilsvarende utgiftsløyvingar. Tabellen nedanfor viser forslaga til endring i inntektsløyving.

(Beløp i kroner)

Inntektskapittel og post	Løyvingsauke
Kap. 3203 Statens utdanningskontor	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 800 000
Post 11 Kursavgifter	+ 4 500 000
Kap. 3222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 1 000 000
Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 4 000 000
Kap. 3243 Kompetansesentra for spesialundervisning	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 16 000 000

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet

Post 03 Diverse inntekter	+ 200 000
Kap. 3244 Nasjonalt læremiddelsenter	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 500 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 1 100 000
Kap. 3250 Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter og opplæring for voksne innvandrere	
Post 02 Salsinntekter o a	+700 000
Kap. 3252 Fjernundervisning	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 1 200 000
Kap. 3260 Universitetet i Oslo	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 20 000 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 28 000 000
Post 11 Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	+ 6 600 000
Kap. 3261 Universitetet i Bergen	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 36 000 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 4 000 000
Post 11 Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	+ 600 000
Post 49 Sal av eiendom	+ 3 900 000
Kap. 3262 Noregs teknisk- natur vitenskapelege universitet	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 56 000 000
Post 49 Sal av eiendom	+ 19 000 000
Kap. 3263 Universitetet i Tromsø	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 2 000 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 6 000 000
Post 82 Refusjon frå Sosial- og helsedepartementet	+ 5 055 000
Kap. 3264 Noregs handelshøgskole	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 1 500 000
Post 11 Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	+ 13 000 000
Kap. 3268 Noregs idrettshøgskole	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 1 400 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 1 700 000
Kap. 3269 Noregs musikkhøgskole	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 500 000
Post 06 Inntekter ved konsertar og tenester	+ 700 000
Kap. 3273 Statlege kunsthøgskolar	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 2 700 000
Kap. 3274 Statlege høgskolar	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 11 500 000
Post 11 Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	+ 31 200 000
Kap. 3278 Noregs landbrukshøgskole	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 4 000 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 700 000

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Post 49 Sal av eigedom	+ 770 000
Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 100 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 2 400 000
Kap. 3283 Det norske meteorologiske institutt	
Post 01 Inntekter ved oppdrag	+ 8 000 000
Post 02 Salsinntekter o a	+ 7 400 000
Kap. 3294 Kyrkjeleg administrasjon	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 3 000 000
Kap. 3297 Nidaros domkyrkje o a	
Post 02 Salsinntekter o a	+ 1 750 000
Post 04 Leigeinntekter	+ 300 000
Sum auke i inntektsløyvingar	+382 775 000

Departementet foreslår å auke utgiftene parallelt med inntektene over i samsvar med oppstillinga i tabellen nedanfor.

(Beløp i kroner)

Inntektskapittel og post	Løyvingsauke
Kap. 203 Statens utdanningskontor	
Post 01 Driftsutgifter	+ 4 500 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 800 000
Kap. 222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat	
Post 01 Driftsutgifter	+ 1 000 000
Kap. 232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå	
Post 01 Driftsutgifter	+ 4 000 000
Kap. 243 Kompetansesentra for spesialundervisning	
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 16 000 000
Kap. 244 Nasjonalt læremiddelsenter	
Post 01 Driftsutgifter	+ 1 100 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 500 000
Kap. 250 Statens ressurs- og vaksenopplæringssenter for vaksne innvandrarar	
Post 01 Driftsutgifter	+ 700 000
Kap. 252 Fjernundervisning	
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 1 200 000
Kap. 260 Universitetet i Oslo	
Post 01 Driftsutgifter	+ 34 600 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 20 000 000
Kap. 261 Universitetet i Bergen	
Post 01 Driftsutgifter	+ 4 600 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 36 000 000
Post 49 Kjøp av eigedom	+ 3 900 000

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Kap. 262 Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet	
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 56 000 000
Post 49 Kjøp av eigedom	+ 19 000 000
Kap. 263 Universitetet i Tromsø	
Post 01 Driftsutgifter	+ 11 055 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 2 000 000
Kap. 264 Noregs handelshøgskole	
Post 01 Driftsutgifter	+ 14 500 000
Kap. 268 Noregs idrettshøgskole	
Post 01 Driftsutgifter	+ 1 700 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 1 400 000
Kap. 269 Noregs musikkhøgskole	
Post 01 Driftsutgifter	+ 1 200 000
Kap. 273 Statlege kunsthøgskolar	
Post 01 Driftsutgifter	+ 2 700 000
Kap. 274 Statlege høgskolar	
Post 01 Driftsutgifter	+ 27 200 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 11 500 000
Kap. 278 Noregs landbrukshøgskole	
Post 01 Driftsutgifter	+ 700 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 4 000 000
Post 49 Kjøp av eigedom	+ 770 000
Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar	
Post 01 Driftsutgifter	+ 2 400 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 100 000
Kap. 283 Det norske meteorologiske institutt	
Post 01 Driftsutgifter	+ 7 400 000
Post 21 Særskilde driftsutgifter	+ 8 000 000
Kap. 294 Kyrkjeleg administrasjon	
Post 01 Driftsutgifter	+ 3 000 000
Kap. 297 Nidaros domkyrkje o a	
Post 01 Driftsutgifter	+ 2 050 000
Sum auke i utgiftsløyvingar	+ 378 575 000

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere auke/reduksjon på statsbudsjettet for 1999 i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet ligg ved.

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 1999

### I.

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kr
200		Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	
	01	Driftsutgifter blir auka med	200 000
		frå kr 144 627 000 til kr 144 827 000	
203		Statens utdanningskontor	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post kap. 200 post 01</i> , blir auka med	4 500 000
		frå kr 125 165 000 til kr 129 665 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	800 000
		frå kr 6 900 000 til kr 7 700 000	
210		Tilskott til trussamfunn o a og privateigde skole- og kyrkjebygg	
	70	Tilskott til registrerte trussamfunn, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	8 400 000
		frå kr 44 320 000 til kr 52 720 000	
	71	Tilskott til uregistrerte trussamfunn, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	500 000
		frå kr 4 600 000 til kr 5 100 000	
	72	Tilskott til livssynssamfunn, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	1 000 000
		frå kr 13 236 000 til kr 14 236 000	
	75	Tilskott til privateigde skole- og kyrkjebygg blir auka med	4 600 000
		frå kr 10 707 000 til kr 15 307 000	
221		Tilskott til grunnskolen	
	60	Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	5 000 000
		frå kr 13 758 000 til kr 8 758 000	
	63	Tilskott til skolefritidsordningar, <i>kan overførast</i> , blir auka med	10 000 000
		frå kr 314 000 000 til kr 324 000 000	
	64	Tilskott til undervisning i finsk blir auka med	700 000
		frå kr 5 849 000 til kr 6 549 000	
	65	Tilskott til undervisning for framandspråklege elevar, blir auka med	31 700 000
		frå kr 629 462 000 til kr 661 162 000	
	66	Tilskott til leirskoleopplæring blir auka med	2 200 000



Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

		frå kr 21 700 000 til kr 23 900 000	
	67	Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, <i>omlagløyving</i> , blir redusert med	2 000 000
		frå kr 86 800 000 til kr 84 800 000	
	68	Det samiske utdanningsrådet, <i>kan overførast</i> , blir auka med	4 500 000
		frå kr 25 133 000 til kr 29 633 000	
222		Statens grunnskoler og grunnskoleinternater	
	01	Driftsutgifter blir auka med	1 000 000
		frå kr 48 109 000 til kr 49 109 000	
228		Kvalitetsutvikling i grunnskolen	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	700 000
		frå kr 135 837 000 til kr 136 537 000	
231		Tilskott til vidaregåande opplæring	
	65	Tilskott til ekstra språkopplæring for framandspråklege elevar/lærlingar blir redusert med	13 000 000
		frå kr 38 400 000 til kr 25 400 000	
232		Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 60</i> , blir auka med	2 500 000
		frå kr 128 919 000 til kr 131 419 000	
	21	Tryggingsopplæring for fiskarar blir redusert med	2 300 000
		frå kr 26 159 000 til kr 23 859 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	3 400 000
		frå kr 4 626 000 til kr 8 026 000	
234		Tilskott til lærebedrifter og lærlingar	
	70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar blir redusert med	50 000 000
		frå kr 366 500 000 til kr 316 500 000	
	71	Tilskott til bedrifter som tar inn lærlingar blir redusert med	900 000
		frå kr 7 372 000 til 6 472 000	
	73	Tilskott til lærlingar blir redusert med	6 000 000
		frå kr 16 009 000 til kr 10 009 000	
238		Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring	
	01	Driftsutgifter blir auka med	200 000
		frå kr 79 740 000 til kr 79 940 000	
239		Andre formål i vidaregåande opplæring	
	72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO m fl) blir auka med	1 700 000
		frå kr 27 310 000 til kr 29 010 000	
240		Private skolar o a	
	70	Tilskott, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	17 300 000
		frå kr 976 829 000 til kr 994 129 000	
243		Kompetansesentra for spesialundervisning	

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 21 og 60</i> , blir redusert med	30 300 000
		frå kr 708 750 000 til kr 678 450 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	16 000 000
		frå kr 18 675 000 til kr 34 675 000	
	60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overførast</i> , blir auka med	29 000 000
		frå kr 10 000 000 til kr 39 000 000	
244		Nasjonalt læremiddelsenter	
	01	Driftsutgifter blir auka med	1 100 000
		frå kr 33 323 000 til kr 34 423 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	500 000
		frå kr 4 500 000 til kr 5 000 000	
250		Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter	
	01	Driftsutgifter blir auka med	700 000
		frå kr 36 557 000 til kr 37 257 000	
	60	Tilskott til opplæring for vaksne innvandrarak blir auka med	39 900 000
		frå kr 403 034 000 til kr 442 934 000	
252		Fjernundervisning	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	1 200 000
		frå kr 3 819 000 til kr 5 019 000	
260		Universitetet i Oslo	
	01	Driftsutgifter blir auka med	46 349 000
		frå kr 1 919 690 000 til kr 1 966 039 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	20 000 000
		frå kr 477 273 000 til kr 497 273 000	
	45	Større utstyrsinnkjop og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	2 600 000
		frå kr 162 652 000 til kr 165 252 000	
261		Universitetet i Bergen	
	01	Driftsutgifter blir auka med	8 847 000
		frå kr 1 083 876 000 til kr 1 092 723 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	36 000 000
		frå kr 326 262 000 til kr 362 262 000	
	45	Større utstyrsinnkjop og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	1 500 000
		frå kr 74 062 000 til kr 75 562 000	
	49	Kjop av eigedom, <i>kan overførast</i> , blir auka med	3 900 000
		frå kr 10 000 til kr 3 910 000	
262		Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet	
	01	Driftsutgifter blir redusert med	1 151 000
		frå kr 1 465 248 000 til kr 1 464 097 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	56 000 000

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

		frå kr 268 862 000 til kr 324 862 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	4 900 000
		frå kr 108 232 000 til kr 113 132 000	
	49	Kjøp av eigedom, <i>kan overførast</i> , blir auka med	23 890 000
		frå kr 10 000 til kr 23 900 000	
263		Universitetet i Tromsø	
	01	Driftsutgifter blir auka med	11 055 000
		frå kr 622 760 000 til kr 673 815 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	2 000 000
		frå kr 134 647 000 til kr 136 647 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	1 000 000
		frå kr 29 768 000 til 30 768 000	
264		Noregs handelshøgskole	
	01	Driftsutgifter blir auka med	14 900 000
		frå kr 138 281 000 til kr 153 181 000	
268		Noregs idrettshøgskole	
	01	Driftsutgifter blir auka med	1 875 000
		frå kr 72 207 000 til kr 74 082 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	1 400 000
		frå kr 3 908 000 til kr 5 308 000	
269		Noregs musikkhøgskole	
	01	Driftsutgifter blir auka med	1 395 000
		frå kr 83 333 000 til kr 84 728 000	
273		Statlege kunsthøgskolar	
	01	Driftsutgifter blir auka med	3 340 000
		frå kr 135 747 000 til kr 139 087 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir redusert med	407 000
		frå kr 407 000 til kr 0	
274		Statlege høgskolar	
	01	Driftsutgifter blir auka med	50 294 000
		frå kr 5 003 624 000 til kr 5 053 918 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	11 500 000
		frå kr 213 361 000 til kr 224 861 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med	8 000 000
		frå kr 160 209 000 til kr 168 209 000	
278		Noregs landbrukshøgskole	
	01	Driftsutgifter blir auka med	800 000
		frå kr 324 856 000 til kr 325 656 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	4 000 000
		frå kr 140 869 000 til kr 144 869 000	

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

	49	Kjøp av eigedom, <i>kan overførast</i> , blir auka med	770 000
		frå kr 10 000 til kr 780 000	
	90	Kjøp av aksjar (ny) blir auka med	3 000 000
		frå kr 0 til kr 3 000 000	
281		Fellesutgifter for universitet og høgsular	
	01	Driftsutgifter blir redusert med	52 600 000
		frå kr 595 284 000 til kr 542 684 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	100 000
		frå kr 4 085 000 til kr 4 185 000	
	61	Tilskott til utviding av RiTø, <i>kan overførast</i> , blir auka med	5 000 000
		frå kr 10 000 000 til kr 15 000 000	
	73	Tilskott til internasjonale program blir auka med	6 200 000
		frå kr 36 240 000 til kr 42 440 000	
283		Det norske meteorologiske institutt	
	01	Driftsutgifter blir auka med	7 400 000
		frå kr 213 083 000 til kr 220 483 000	
	21	Særskilde driftsutgifter blir auka med	8 000 000
		frå kr 43 568 000 til kr 51 568 000	
291		Studie i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	
	70	Tilskott til lengre reiser, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	6 800 000
		frå kr 70 628 000 til kr 77 428 000	
	73	Tilskott til studentbarnehageplassar blir redusert med	2 200 000
		frå kr 67 388 000 til kr 65 188 000	
294		Kyrkjeleg administrasjon	
	01	Driftsutgifter blir auka med	3 000 000
		frå kr 79 996 000 til kr 82 996 000	
297		Nidaros domkyrkje o a	
	01	Driftsutgifter blir auka med	2 050 000
		frå kr 24 522 000 til kr 26 572 000	
2410		Statens lånekasse for utdanning	
	01	Driftsutgifter blir auka med	500 000
		frå kr 209 111 000 til kr 209 611 000	
	71	Andre stipend, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	29 000 000
		frå kr 635 500 000 til kr 664 500 000	
	90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>omlagløyving</i> , blir auka med	180 000 000
		frå kr 6 366 000 000 til kr 6 546 000 000	

## Inntekter:

Kap.	Pos t	Formål	Kr
------	----------	--------	----

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet

3200		Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	
	05	Refusjon frå NORAD (ny) blir auka med	200 000
		frå kr 0 til kr 200 000	
3203		Statens utdanningskontor	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	800 000
		frå kr 900 000 til kr 1 700 000	
	11	Kursavgifter blir auka med	4 500 000
		frå kr 2 500 000 til kr 7 000 000	
3222		Statens grunnskolar og grunnskoleinternat	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	1 000 000
		får kr 321 000 til kr 1 321 000	
3232		Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	7 400 000
		frå kr 6 568 000 til kr 13 968 000	
3238		Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring	
	05	Refusjon frå NORAD (ny) blir auka med	200 000
		frå kr 0 til kr 200 000	
3243		Kompetansesentra for spesialundervisning	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	16 000 000
		frå kr 18 529 000 til kr 34 529 000	
	02	Salsinntekter o a blir redusert med	1 300 000
		frå kr 5 281 000 til kr 3 981 000	
	03	Diverse inntekter blir auka med	200 000
		frå kr 0 til kr 200 000	
	60	Betaling frå kommunar og fylkeskommunar blir redusert med	200 000
		frå kr 3 450 000 til kr 3 250 000	
3244		Nasjonalt læremiddelsenter	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	500 000
		frå kr 4 500 000 til kr 5 000 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	1 100 000
		frå kr 8 165 000 til kr 9 265 000	
3250		Statens ressurs- og vokslenopplæringscenter og opplæring for vaksne innvandrarar	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	700 000
		får kr 4 138 000 til kr 4 838 000	
3252		Fjernundervisning	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	1 200 000
		frå kr 200 000 til kr 1 400 000	
3260		Universitetet i Oslo	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	20 000 000
		frå kr 462 936 000 til kr 482 936 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	28 000 000

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

		frå kr 82 081 000 til kr 110 081 000	
	11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak blir auka med	6 600 000
		frå kr 4 383 000 til kr 10 983 000	
3261		Universitetet i Bergen	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	36 000 000
		frå kr 334 410 000 til kr 370 410 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	4 000 000
		frå kr 23 087 000 til kr 27 087 000	
	11	Kursavgift ved vaksenopplæring blir auka med	600 000
		frå kr 128 000 til kr 728 000	
	49	Sal av eigedom blir auka med	3 900 000
		frå kr 10 000 til kr 3 910 000	
3262		Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	56 000 000
		frå kr 275 810 000 til kr 331 810 000	
	02	Salsinntekter o a blir redusert med	4 500 000
		frå kr 34 589 000 til kr 30 089 000	
	11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak blir redusert med	300 000
		frå kr 2 361 000 til kr 2 061 000	
	49	Sal av eigedom blir auka med	19 000 000
		frå kr 10 000 til kr 19 010 000	
3263		Universitetet i Tromsø	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	2 000 000
		frå kr 137 400 000 til kr 139 400 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	6 000 000
		frå kr 24 025 000 til kr 30 025 000	
	82	Refusjon frå Sosial- og helsedepartementet blir auka med	5 055 000
		frå kr 0 til kr 5 055 000	
3264		Noregs handelshøgskole	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	1 500 000
		frå kr 5 240 000 til kr 6 740 000	
	11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak blir auka med	13 000 000
		frå kr 0 til kr 13 000 000	
3268		Noregs idrettshøgskole	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	1 400 000
		frå kr 4 000 000 til kr 5 400 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	1 700 000
		frå kr 5 084 000 til kr 6 784 000	
3269		Noregs musikkhøgskole	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	500 000
		frå kr 275 000 til kr 775 000	
	06	Inntekter ved konserter og tenester blir auka med	700 000

Om endringer på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

		fra kr 0 til kr 700 000	
3273		Statlege kunsthøgskolar	
	01	Inntekter ved oppdrag blir redusert med	430 000
		frå kr 430 000 til kr 0	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	2 700 000
		frå kr 2 541 000 til kr 5 241 000	
3274		Statlege høgskolar	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	11 500 000
		frå kr 221 565 000 til kr 233 065 000	
	02	Salsinntekter o a blir redusert med	4 000 000
		frå kr 145 287 000 til kr 141 278 000	
	11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak blir auka med	31 200 000
		frå kr 0 til kr 31 200 000	
3278		Noregs landbrukshøgskole	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	4 000 000
		frå kr 140 869 000 til kr 144 869 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	3 700 000
		frå kr 19 275 000 til kr 22 975 000	
	49	Sal av eigedom blir auka med	770 000
		frå kr 10 000 til kr 780 000	
3281		Fellesutgifter for universitet og høgskolar	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	100 000
		frå kr 2 656 000 til 2 756 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	2 400 000
		frå kr 103 000 til kr 2 503 000	
3283		Det norske meteorologiske institutt	
	01	Inntekter ved oppdrag blir auka med	8 000 000
		frå kr 39 966 000 til kr 47 966 000	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	7 400 000
		frå kr 8 438 000 til kr 15 838 000	
3294		Kirkeleg administrasjon	
	02	Salsinntekter o a blir auka med	3 000 000
		frå kr 626 000 til kr 3 626 000	
3297		Nidaros domkyrkje o a	
	02	Inntekter ved oppdrag blir auka med	1 750 000
		frå kr 7 448 000 til kr 9 198 000	
	04	Salsinntekter o a blir auka med	300 000
		frå kr 1 440 000 til kr 1 740 000	
5310		Statens lånekasse for utdanning	
	04	Refusjon av ODA-godkjente utgifter blir redusert med	13 800 000
		frå kr 18 800 000 til kr 5 000 000	
	72	Gebyr blir auka med	14 000 000

Om endringar på statsbudsjettet for 1999 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet

		frå kr 92 000 000 til kr 106 000 000	
	90	Avdrag blir auka med	694 000 000
		frå kr 3 006 000 000 til kr 3 700 000 000	
5617		Renter frå Statens lånekasse for utdanning	
	80	Renter blir redusert med	50 000 000
		frå kr 4 600 000 000 til kr 4 550 000 000	

## II

## Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet i 1999 kan overskride bevilgninger mot tilsvarende meirinntekter under kapitler og poster som angitt i tabellen nedenfor:

Fullmakt til å overskride bevilgninger under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 200 post 01	kap. 3200 post 05
kap. 238 post 01	kap. 3238 post 05
kap. 260 post 01	kap. 3260 post 82
kap. 260 post 21	kap. 3260 post 02
kap. 260 post 45	kap. 3260 post 49
kap. 261 post 21	kap. 3261 post 02
kap. 261 post 45	kap. 3261 post 49
kap. 263 post 45	kap. 3263 post 49
kap. 278 post 45	kap. 3278 post 49

## III

## Fullmakter vedrørende fast eiendom

Stortinget samtykker i at:

1. Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet fester bort ein tomt på 6 da på gnr. 48 bnr. 53 i Trondheim kommune (Dragvoll idrettsbygg) til Studentsamskipnaden i Trondheim til ein festepris på kr 1 per år i 80 år.
2. Universiteta og Noregs landbrukshøgskole kan nytte inntekter ved sal av eiendom til kjøp og vedlikehald av andre eiendommar til undervisnings- og forskingsformål.